

## Forslag 6.7

# Grytdalen som nasjonalt referanseområde for biologisk mangfald

Noreg har behov for større område med totalvern mot alle typar inngrep og næringsaktivitet, som eit referanseområde for biologisk mangfald. Dei fleste andre landa i Europa har oppretta slike område, men i Noreg er det berre nokre små reservat med tilsvarande vern.

Referanseområde for biologisk mangfald er viktig for biologisk forskning, mellom anna for

- Effektar av klimaendringar utan andre påverknader
- Referanseområde for nedfall av sur nedbør og langtransportert nitrogen
- Bestandsutvikling til jaktbart vilt (hønsefugl, hjortevilt) når det ikkje er jakt
- Naturleg artssamansetting og økologisk funksjon i ferskvatn for insekt og fisk og produksjon og dynamikk i aure- og røyepopulasjonar utan fiskegjerding
- Insektfaunaen og forekomsten av sopp og mosar på død ved og gamalskog utan inngrep

Grytdalen med Songli forsøksgård i Orkdal og Snillfjord i Sør-Trøndelag er ein ideell kandidat til å bli landets første større referanseområde for biologisk mangfald. Grytdalen er eit naturreservat der heile området er i statleg eige, det er stor kunnskap om området gjennom biologiske forskning ved Songli sidan 1954 og det er stort engasjement og samarbeid for eit sterkt vern frå lokalbefolkninga, Orkdal kommune og lokale natur- og friluftorganisasjonar. Det er med andre ord minimale konflikter knytt til ei styrking av vernet. Direktoratet for naturforvaltning har forvalta området i mange år, og forskarar frå Norsk institutt for Naturforskning (NINA) og andre norske og utalandske institusjonar har vore engasjerte i omfattande forskning med utgangspunkt i Songli forsøksgård. Utalandske forskarar uttrykker at Grytdalen også kan vera viktig som referanseområde og forskning på biologisk mangfald i internasjonal samanheng, til dømes for Skottland og England. NINA uttrykker det slik i brev av 08.06.2011:

*”Få skogområde i Noreg er så lite påverka av menneskeleg aktivitet og ligg så nær etablerte forskings- og undervisningsinstitusjonar som Songli. Området har ein stor variasjon i naturtypar. I tillegg er området så stort at det har ein gradient frå kystklima til eit meir kontinentalt klima. Dette gjer det interessant å nytte Songli som referanseområde for mange andre område i Noreg. Samstundes er det óg praktisk mogleg å bruke området som eit referanseområde, grunna kort veg til relevante forskingsinstitusjonar.”*

Grytdalen naturreservat med Songli forsøksgård står i fare for å bli selt som jaktområde til private interesser, noko som vil øydeleggja sjansen til å etablere området som eit viktig referanseområde og forskingsområde for biologisk mangfald, og samtidig gjera området vanskelegare tilgjengeleg for naturopplevingar for folk flest.

Naturvernforbundet ber Miljøverndepartementet om å styrke verneforskrifta for å etablere eit totalvern mot alle former for inngrep i Grytdalen naturreservat slik at det kan fungere som eit referanseområde for biologisk mangfald og biologisk forskning, og samtidig sikre varig offentleg eige av Grytdalen og Songli forsøksgård.

*Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Sør-Trøndelag*